



## Strategi for det internasjonale arbeidet 2009 – 2012 som vedtatt i Fylkestinger 18.03.09

### *1a. Visjon*

Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement med sikte på å fremje gjensidig kulturforståing og styrkje Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region.

### *1b. Målsetjingar*

Måla for internasjonalt samarbeid er:

- Skape ein arena for gjensidig læring for å bidra til å løyse felles regionale utfordringar
- Gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring
- Utvikle Hordaland som ein kreativ, inkluderande og innovativ region med gode lokalsamfunn gjennom samarbeid med regionar i andre land
- Møte framtidige klimautfordringar gjennom internasjonalt samarbeid og kunnskapsutvikling.
- Sikre ei berekraftig utvikling av kyst- og fjordområda i fylket, t.d. gjennom tettare samarbeid med regionar rundt Nordsjøen, og andre kystorienterte regionar.
- Arbeide for å påverke Hordaland sine rammevilkår gjennom å fremje våre interesser i nasjonale og internasjonale forum.
- 

For å nå dei måla som ein har for arbeidet, vel ein å peika på nokre strategipunkt som i denne samanhengen har å gjere med bevisste vegval.

### *1c. Strategi*

Strategiane for det internasjonale samarbeidet er:

- Styrkje prosjektsamarbeid som støttar opp under fylkeskommunen sine prioriterte satsingar
- Vere oppdatert på internasjonale trendar og utviklingstrekk.
- Auke bruken av internasjonale program for ungdom
- Nytte kunnskap og erfaring frå internasjonale miljø inkludert det fleirkulturelle norske samfunnet og våre samarbeidsregionar
- Auke bruken av EU/EØS-program i det regionale utviklingsarbeidet
- Styrkje samarbeidet kring sjøretta aktivitetar gjennom samarbeidsregionar, organisasjonar og prosjekt
- Styrkje kompetansen på EU og EØS-avtalen i fylket
- Vere ein aktiv deltakar i interregionale organisasjonar

## **2. Prioriterte tema**

I den internasjonale strategien vert følgjande prioriterte tema løfta fram for å tydeleggjere det internasjonale engasjementet inn mot nokre område som er sentrale for Hordaland. Det er viktig at prioriteringar av område vert klargjort for aktuelle samarbeidspartar og dei tilsette i eigen organisasjon. Dei fire temaområda vil bli utdjupa gjennom dei konkrete tiltaka i handlingsplanen.

- a. **Ungdom - Utdanning og kulturutveksling:** I lys av at fylkeskommunen er skuleeigar, og i lys av rolla som regional utviklingsaktør, er det særleg viktig å ha ei aktiv rolle i høve til å lære ungdom internasjonalt medansvar, både gjennom opplæringstiltak og den meir uformelle læringssituasjonen som t.d. gjennom kultur- og fritidsaktivitetar.
- b. **Kunnskapsbasert innovasjon:** Fylkeskommunen skal vere ein medhjelpar og partner for næringsliv, institusjonar og organisasjonar i høve til å møte utfordringane med globalisering. Dette gjeld ikkje minst i høve til forskning (FoU) og teknologioverføring. Dette arbeidet krev ein internasjonal kompetanse og kulturforståing hos aktørar gjennom heile fylket.
- c. **Klima, energi og miljø:** Fylkeskommunen arbeider med ein fylkesdelplan for klima. Klimautfordringane er globale, og gode løysingar er avhengig av internasjonalt samarbeid og kunnskapsoverføring.

- d. **Sjøretta aktivitetar:** Som kystfylke er det viktig at Hordaland har særleg fokus på nærings- og samfunnsliv knytte til sjøretta aktivitetar, og at ein styrkjer samarbeid med andre regionar i Nordsjøområdet.

### **3. Hovudkategoriar av internasjonalt arbeid**

**3a. Europeiske organisasjonar:** Fylkeskommunen skal styrkje det politiske engasjementet i europeiske organisasjonar med særleg fokus på Nordsjøkommisjonen.

- Gjennom deltaking ønskjer ein å påverke politiske prosessar i Europa
- Hordaland fylkeskommune skal delta aktivt og med breidde både politisk og fagleg, søkje politiske verv, og styrkje rapporteringa om aktivitetane.
- Særleg fokus på regional utvikling innan heile breidda av fylkeskommunen sine oppgåver og tenester
- Sentrale partnarar i dette arbeidet er dei andre fylka på Vestlandet gjennom Vestlandsrådet

**3b. Program og prosjektarbeid:** Hordaland fylkeskommune tar sikte på å delta i internasjonalt program- og prosjektarbeid der dette kan bidra til å nå prioriterte målsetjingar i fylkeskommunale planar og strategiar. I fleire program er det og eit krav at det regionale nivået skal vere representert i prosjekta.

- Fylkeskommunen skal arbeide for eit tettare prosjektsamarbeid i Nordsjøområdet og Nordområda
- Det skal vere fokus på prosjekt innan heile breidda av fylkeskommunen sine oppgåver og tenester
- Fylkeskommunen skal ha ei sterk satsing på program retta mot ungdom
- Hordaland fylkeskommune skal i dette arbeidet ha eit aktivt samarbeid med den regionale partnarskapen i Hordaland: kommunane, kompetanseinstitusjonane og næringslivet, samt institusjonar og organisasjonar.

**3c. Samarbeidsregionar:** Samarbeidet med våre sentrale samarbeidsregionar skal vidareførast gjennom konkrete handlingsplanar. Hordaland fylkeskommune har f.t. samarbeidsavtalar med Orknøyane, Nedre-Normandie, Kaunas og Cardiff . For andre regionar som fylkeskommunen har samarbeid med, skal vi leggje vekt på å få fram konkrete tidsavgrensa avtalar der dette gagnar våre målsettingar.

- Bruke samarbeidsregionane som aktuelle samarbeidspartnarar i utviklingsprosjekt og anna samarbeid der det er relevant (t.d. elev- og lærarutveksling mellom vidaregåande skolar).
- Samarbeidet skal jamleg evaluerast i høve til prioriteringar frå begge partar
- Samarbeid med regionar utanfor Europa skal vurderast
- Sentrale partnarar vil vere næringsliv, kompetanseinstitusjonar og anna
- Samarbeidsavtalar skal godkjennast av fylkesutvalet.

**3d. Vest-Noreg Brusselkontor:** Fylkeskommunen skal bruke Vest-Norges Brusselkontor (VNB) aktivt som kontaktpunkt og lyttepost i høve til det som skjer i EU.

- Hordaland fylkeskommune skal bruke VNB som viktig kontaktpunkt og møteplass for regionsamarbeidet i Europa
- Aktivt bruk av VNB som instrument i høve til eigne mål og strategiar.
- VNB skal vere ein viktig informasjonskanal for lærarar og elevar
- Vest-Norges Brusselkontor skal arbeide med heile feltet av fylkeskommunale tenester og bidra til å synleggjere Hordaland som samarbeidspartnar for andre europeiske regionar
- Hordaland fylkeskommune skal bruke VNB som ressurs for å auke kompetansen om EU/EØS-spørsmål i fylket.

### **4. Økonomi**

Dei føreslegne tiltaka skal finansierast gjennom fylkeskommunen sitt ordinære budsjett, og innspel må kome i samband med budsjettprosessen. I tillegg til budsjetta til fagavdelingane, er det verkemiddel knytte til satsingsområda i Regionalt utviklingsprogram (RUP). For ekstraordinære tiltak kan det leggjast fram einskildsaker for dei politiske utvala .



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
tel 55 23 99 00

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)